

Komplett guide for Nåso-klatringa

15.04.2009

Den føraren som Bergen Klatrekubb vil gje ut til pinsa vil vera ein komplett guide for klatringa i Uskedalen, lovar klubben i ein søknad dei har sendt kommunen om stønad til utgjevinga. Gjennom denne føraren vil klatring som fritidsaktivitet potensielt nå eit stort antall menneske og miljø nasjonalt og internasjonalt, opplyser klubben.

Den gamle føraren, som vart utgjeve av BKK som eit stensilert opptrykk tidleg på 1990-talet har til no vpre den einaste guiden for klatring i området. Den har lenge vore omogeleg å få tak i, og etterspurnaden etter ein ny og oppdatert førar har auka betrakteleg i dei seinare åra.

Difor sette klubben i 2007 igang eit omfattande arbeid med å dokumentera og beskriva alle eldre og nye ruter. Nå skal dei i gang med trykkinga, men dette blir eit stort løft for sin liten klubb og difor søker den om økonomisk stønad.

Eit budsjettutkast syner eit underskott etter det første året på 58.000 kroner etter at det er seld 350 eksemplar. På sikt ventar klubben at føraren vil gje eit overskot som skal gå til vedlikehald av føraren for seinare utgjeving, til tryggingsarbeid mellom anna i Uskedalen og til klubben sin ungdomsavdeling. Men dette vil ta tid og investeringa i utgjevnaden legg band på store deler av dei midlane som klubben rår over og seinkar aktivitetsnivået i en periode.

Klubben vonar at kommunen vil støtte ein friviljug organisasjon som gjennom ei årrekkje har dokumentert klatreaktivitetar i Uskedalen og med det sikra at ferdse og aktivitet skjer innanfor trygge og miljømessig respekfulle rammer.

Av Ola Matti Mathisen